

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Selskap: Helse Vest RHF
Dato skriven: 21.01.05
Sakshandsamar: Hilde Rudlang
Saka gjeld: **Oversikt over rapportering for 2005**

Styresak 29/05 B

Styremøte 15.03. 2005

Bakgrunn

I samband med behandlinga av styringsdokumenta til helseføretaka i møte 02.02.05 bad styret om ei meir systematisk rapportering med jamne mellomrom på resultatkrav og måloppnåing.

Denne rapporteringa på styringsdokumenta frå HF-a må også ses i samanheng med Helse Vest si rapportering til Helse- og omsorgsdepartementet på bestillardokument og eigarkrav som er stilt i føretaksmøte.

Ein legg her fram ei oversikt som viser på kva områder helseføretaka og Helse Vest skal rapportera på i 2005.

Kommentarar

Oversikten er delt inn etter rapporteringstidspunkt, dvs. månadleg, tertialvis eller årleg.

Den månadlege rapporteringa er basert på Helse Vest si rapportering på økonomi og aktivitet og fokusområda for 2005.

Dei tertialsvise rapportane og den årlige rapportering er bygd opp med utgangspunkt i den rapportering som departementet krev. Det vil i stor grad vere i samsvar med rapportering frå HF-a på styringsdokumentet deira.

Månadleg rapportering

- Økonomi og aktivitet
 - Resultat frå månadsrapporteringar frå helseføretaka, blir lagt fram for styret i form av ei styresak i kvart styremøte.
- Fokusområda for 2005
 - Ventetider
Det er sett som mål at ventetida skal vere maks 70 dagar innan utgangen av 2005.

Ein vil følgje utviklinga i ventetida innanfor ulike fagområde, omsorgsnivå og for pasientar både med og utan rett til nødvendig helsehjelp.

- Fristbrot
Talet på fristbrot kan inkluderast i den månadlege rapporteringa når den nye NPR-fila er implementert. Inntil dette er på plass, vil vi følgje rapport frå Eining for pasientformidling i Rikstrygdeverket.
- Epikrisetid
I løpet av 1. tertial 2005 skal myndigheitskravet om at 80 prosent av epikrisane skal vere sende innan sju dagar, vere oppfylt.
- Balanse 2005
Det blir rapportert på oppfølging av effektiviseringstiltak vedteke i samband med budsjettet.
- Internkontroll – spesielle lovkrav
Frå 2. tertial blir det gjennomført stikkontrollar på om helseføretaka har implementert regionale retningslinjer for fastsetting av rett til nødvendig helsehjelp og individuell frist.
- Løns- og personalkostnader
Talet på månadsverk blir rapportert frå starten av 2005, og gjennomsnittleg løns- og personalkostnad per månadsverk, tar vi sikte på kan rapporterast frå 2. tertial.

Tertialvis rapportering

Kvart tertial skal Helse Vest rapportere til Helse- og omsorgsdepartementet på ei rekkje punkt i bestillardokumentet. Tertialrapportane skal leggjast fram for styret i det regionale helseføretaket før innsending til departementet. Følgjande punkt frå bestillardokumentet skal det rapporterast på kvart tertial (kapittelnummer står i parentes):

- Pasientbehandling (2.1)
 - Auke i innsatsen innanfor psykisk helsevern og rus
 - Vidareføring av aktivitet omfatta av ISF på same nivå som i 2004
- Prioritering (2 og 2.1.1)
 - Nedbygging av overkapasitet
 - Tiltak for likearta prioritering
 - Kreft og lindrande behandling
 - Rus
 - Psykisk helsevern
 - Kroniske sjukdomar
 - Rehabilitering og habilitering
- Fagleg rammeverk (2.1.1) – kvalitetsindikatorar
 - Epikrisetid
 - Korridorpasientar
 - Preoperativ liggjetid ved lårhalsbrot

- Barn og unge innanfor psykisk helsevern som er diagnostisert etter ICD-10
 - Strykingar på operasjonsprogrammet
 - Tiltak for å ivareta plikta til å utarbeide individuell plan og etablere pasientansvarleg lege
- Psykisk helse (2.1.1)
 - Ingen nedlegging av psykiatriske sjukeheims plassar
 - Ambulante team ved kvart helseføretak
 - Etablering av samarbeidsavtalar mellom DPS og aktuelle kommunar innan 2006
 - Tilbod om behandling av pasientar med dobbeltdiagnose ved alle DPS
- Tilbodet til rusmisbrukarar (2.1.1)
 - Prosentdel rusmiddelmissbrukarar som er tilvist til tverrfagleg spesialisert behandling
 - Samordning med psykisk helsevern
- Utdanning (2.2)
 - Rammeavtalar/avtalar som er inngått med høgskolar og universitet
 - Praksisplassar for helse- og sosialstudentar
 - Medisinarstudentar i klinisk undervisning
 - Utdanningskapasiteten i spesialisthelsetenesta
- Forsking (2.3)
 - Bruttobudsjettet til forskning oppgitt i absolutte tal og prosent, fordelt på klinisk forskning (inkl. translasjonsforskning), psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling til rusmisbrukarar. Dette skal rapporterast første tertial.
 - Prosentdel søknadar som er teken imot og gitt løyving til på kvart av områda. Dette skal rapporterast første tertial.
 - Etablering av felles mal for måling av innsatsfaktorar til forskning.

Årleg rapportering – årleg melding

I årleg melding til Helse- og omsorgsdepartementet inngår styret sin rapport. Rapporten skal gi ei oversikt over verksemda frå førre kalenderåret, og vise korleis pålegg i bestillardokumentet og føretaksmøte, eller som er sette som vilkår for løyvingar, er følgde opp. Rapporten skal leggjast fram for styret før den blir sendt.

Rapportdelen av årleg melding vil innehalde punkta ovanfor, og som inngår i den tertialvise rapporteringa. I tillegg skal det rapporterast på følgjande punkt frå bestillardokumentet (kapittelnummer står i parentes):

- Basisløyving (1)
 - Avsetning av midlar til søknadar frå brukarorganisasjonar
 - Ammesenteret
 - Donoransvarleg lege
 - Kjøp av kunnskapsoppssummeringar frå m.m. frå Kunnskapssenteret
 - Tilskot til incestsentra
- Særskilte forhold 732,70 (1)

- Lindrande behandling
 - Pasienttransport
 - Opptreningsinstitusjonar
 - Omlegging av arbeidsgivaravgifta
- Tilskot til arbeid med vold og traumatisk stress (1)
 - Det skal rapporterast på bruk av midlar og gjennomførte tiltak
- Kvalitet (2.1.1)
 - Etablering og finansiering av eit nytt nasjonalt kvalitetsregister
- Rehabilitering og habilitering (2.1.1)
 - Avtaler med opptreningsinstitusjonar
 - Ressursar til habilitering av funksjonshemma og kronisk sjuke barn
- Lokalsjukehus (2.1.3)
 - Utarbeiding av heilskaplege strategiar der lokalsjukehusa inngår
- Desentralisering (2.1.3)
 - Strategi for samhandling og desentralisering
- Smittevern og beredskap (2.1.3)
 - Handlingsplan mot sjukehusinfeksjonar
 - Smittevernberedskap
- Utdanning (2.2)
 - Tiltak for å sikre rett kvalitet og kapasitet i utdanning av helsepersonell (grunnutdanning, turnus, vidareutdanning, etterutdanning)
 - Kva slags innverknad samarbeidsorganet og rammeavtalar/avtalar har for eit forpliktande samarbeid med høgskolar og universitet
- Forsking (2.3)
 - Prosedyrar og tiltak for kvalitetssikring og habilitet
 - Tiltak for å sikre kjønnspektivet og forskning med relevans for kvinners helse
- Brukarmedverknad og opplæring av pasientar og pårørnde (2.4)
 - Etablering av eit heilskapleg opplæringstilbod til pasientar og pårørnde gjennom lærings- og meistringssenter og andre tiltak

Vidare skal rapportdelen av årleg melding gi ei oversikt over korleis pålegg som er gitt i føretaksmøtet er følgt opp. Desse pålegga er tatt inn i styringsdokumentet frå Helse Vest til helseføretaka i kapittel 6 om eigarstyring knytt til økonomi og organisasjon. Følgjande punkt frå styringsdokumentet, vil bli tatt inn i styrets rapport i årleg melding (kapittelnummer i parentes):

- Omstillingsutfordring og balansekrav (6.1 A)
 - Balansekravet
 - Omstillingstiltak
 - Halde budsjettet for 2005

- Leiting (6.2 A)
 - Tiltak for å sikre at verksemda blir leidd, er organisert og blir utvikla slik at nødvendig fornying, omstilling og effektivisering finn stad
 - Tiltak for å utvikle lokale leiarprogram og medverke i nasjonale prosessar kring leiarskap
- Løns- og arbeidsforhold (6.2 B)
 - Lønsutviklinga i helseføretaka
 - Oppfølging av retningslinjer for løns- pensjonsforhold i staten
 - Arbeidstilhøve
 - Migrasjon av helsepersonell
- Kommunikasjon og omdømme (6.2 C)
 - Kommunikasjonsprosessar ved endringar og omstillingar
 - Felles informasjons- og kommunikasjonstiltak
 - Internetteneste
- Juridisk rammeverk og arbeid med internkontroll (6.2 D)
 - Etablering av system for internkontroll
 - Bruk av revisor til oppgåver ut over inngått kontrakt
- Innkjøp (6.2 E)
 - Innkjøp i tråd med regelverk
 - Rapportere samordningsgevinstar
- Oppfølging av statlege handlingsplanar (6.2. F)
 - Grøn stat
 - Elektronisk handel
 - Universell utforming av bygg
 - Parkeringsplassar for funksjonshemma
- Utvikling av styringsinformasjon i spesialisthelsetenesta (6.2 G)
- Regional IT-strategi (6.2 J)
 - Gjennomføring av felles IT-sikkerhetspolicy

Forslag til vedtak

Styret skal føreleggjast rapportering i samsvar med oppstillinga i saksførelegget.

Ei kortfatta oversikt er vist i vedlegg